

## Påskebodskapen og strategi for forsamlingsarbeid

*Johannes Kleppa, Innspel i Dagen April 2017*

Når apostelen Paulus skal samanfatta det evangeliet han forkynner – og som folk vert frelste ved å halda fast på, gjer han det svært kortfatta: «At Kristus døydde for syndene våre etter Skriftene, og at han vart gravlagd, og at han stod opp på den tredje dagen etter Skriftene.» (1 Kor 15,3f) Det dreier seg om påskebodskapen i ein sum og i eit nøtteskal.

Ut frå dette er det han seier at han ikkje vil vita noko hjå oss «utan Kristus Jesus, og han krossfest». Det er for at trua vår ikkje skal vera «grunna på menneskeleg visdom, men på Guds kraft». (1 Kor 2,1-5) Paulus sitt første brev til korintarane er svært viktig med tanke på arbeidet i den kristne forsamlinga, og kva som skal prioriterast der. Særleg viktig er det som vert sagt i dei tre første kapitla om forkynninga, med «ordet om krossen» i sentrum.

Påskebodskapen skal og må vera styrande for alt kristent arbeid og for all kristen forkynning. Eit strategiarbeid for misjon og forsamlingsbygging som ikkje har påskebodskapen som utgangspunkt og orienteringspunkt, og som det stadig kjem tilbake til, vil vera forfeila. Det vert eit arbeid utan åndskraft. Då vil det anten føra inn i ein aktivisme av lovisk karakter, slik at arbeidet går i oppløysing etter ei tid, eller det vil føra til at arbeidet går i sosial retning utan frelseskraft i forkynninga – i den grad det er forkynning.

Det vert arbeidd mykje med strategiar for forsamlingsplanting og forsamlingsbygging. Det er godt og nødvendig. Utan at det vert tekne nye grep med tanke på den kristne forsamlinga på bedehus og i frikyrkjer, er det stor fare for at det åndelege livet rundt om i bedehus og misjonshus vil døy ut. For bedehusfolket sin del vil ein flokk finna sin plass i Den norske kyrkja, trass i den teologiske utviklinga som er der. Det er livsavgjerande for kristent strategiarbeid at det har påskebodskapen og forkynninga av denne som fundament og styrande prinsipp. Diverre skjer ikkje alltid det.

Eg las ein presentasjon av eit opplegg for å møta dei utfordringane som bedehuset opplever, og for å finna Guds plan med forsamlingane. Alt som der vart sagt, var i og for seg rett, men tema som forkynning, lov og evangelium, Ordet som nådemiddel eller sjølv frelsesspørsmålet, var ikkje nemnt med eitt ord. Fokuset var på undervisning opp mot ulike typar utfordringar, læring av kvarandre, det å ha ein plan, eit sosialt fellesskap og bøn med tanke på Guds leiing.

Eg vert sterkt uroleg på vegner av bedehuset når eg les strategitenking av denne typen. Nokre vil svara at «sjølv sagt» er forkynninga viktig, «sjølv sagt» er ordet om krossen det avgjerande og «sjølv sagt» trur vi på Ordets virkekraft. Det som ein reknar som «sjølv sagt», er langt frå sjølv sagt. Tvert imot kjem det i bakgrunnen i høve til det som fokuset er på i strategitenkinga. Påskebodskapen er aldri sjølv sagt.

Johannes Kleppa